

Flotte leirfigurar frå Dei Kreative.

29.11.2016



Robin med noko av dei figurane som vart laga.

Dei Kreative er eit forum der dei møtest på tvers av alder og kjønn og lagar ting saman. Dei hjelper og inspirerer kvarandre. Vanlegvis møtest dei i bedehuskjellaren her i Uskedalen annakvar tysdag frå kl.17 til kl.18.30. Denne tysdagen hadde dei forflytta aktiviteten til Rosendal Motell, og dei hadde ei veldig kjekk samling der.

Det var 21 deltagarar med stort og smått på den vellukka samlinga der dei laga leirfigurar. Keramikar Espen Haagaas Attramadal var ein inspirerande instruktør og det vart laga mange flotte figurar. No skal Espen brenna dei i omnene sin, deretter skal dei målast med hobbymåling og så skal dei til slutt lakkast.

Nelly Kjærland, ein av leiarane i Dei Kreative, bed oss rette ei stor takk til kunstnaren Espen, og til Maren og Arne Martin Husby Guddal for lån av lokala.



Kunstaren Espen hjelper Selma Ovidia med ei lys-svane.



Deimante og Ewy med sine nissar og 1 snømann.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Nelly Kjærland